



22.04.2019

LINDÅS KOMMUNE

Lindås Slusene, Org 919 185 163

PLANAVIDELING / BYGGESAK

v/ Vidar Langøy-Jørgenvik

postmottak@lindas.kommune.no

vidarlangoy@hotmail.com

Mobil: 90912069

SØKNAD OM MELLOMBELS LØYVE TIL OPPANKRING AV FLYTEBRYGGE VED LINDÅS SJØSLUSER

Det søkes om midlertidig dispensasjon etter Plan og bygningslovens § 19-3. Midlertidig dispensasjon med ein varighet på 5 år.

«Lindås Slusene» søker løyve til å ankra opp ei flytebrygge med inntil 25 meters lengde og landgangsfeste på land på innsida av sluseplattingen – jfr. vedl. skisse.

Tiltaket vil ikkje sette formålet i Kommunedelplanen for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra til side. I forhold til tryggleik vil tiltaket auka denne ved at personar som ynskjer å besøka slusene får ein trygg plass for å entra sluseplattingen. Tilgjengelegheita til området vil også bli enklare ved tiltaket. Tiltaket vil ikkje skapa vesentlig utfordringar i forhold til miljøet på staden.

«Lindås Slusene» er ein medlemsorganisasjon / interesseorganisasjon som vart skipa i juni 2017, og har følgjande føremål :

«Organisasjonen Lindås Slusene vil arbeida for å skapa ny aktivitet rundt slusene og Lindås-osane ved å samarbeida med eksisterande lag og bedrifter, samt kommunar, Hordaland Fylke, Kystverket og andre offentlige instansar.»

Styret i «Lindås Slusene» ser at det vert ein stor jobb å få sluseanlegget i funksjon att, men ved å arbeida systematisk framover vonar me å kunna realisera det om ikkje altfor lenge.

På litt sikt bør det utarbeidast reguleringsplan for slusa og området rundt, men dette vil ta tid og for at ikkje alt skal stoppa opp tenkjer styret det er viktig å starta med enkel tilrettelegging for padlarar og andre som kjem sjøvegen.

Gjennom kommunedelplanen for Idrett og Friluftsliv er det sett av midlar i 2019 for flytebrygge ved slusa.

Dersom ein først skal ta kostnad og arbeid med å få på plass ei flytebrygge med anretning for å letta ilandstigning for padlarar og båtfolket må det gjerast slik at brygga vert trygg å bruka og å koma seg på land ifrå, og ho må ankrast opp slik at ho kan liggja over tid det søkast derfor for inntil 5 år.

Tiltaket vil ikkje påverka sjøstraumningane igjennom slusekanalen eller vera til noko slags hinder for padlarar eller båttrafikk som går igjennom slusekanalen.

Å få ei flytebrygge på plass ved slusa er **eitt** tiltak i arbeidet med å gi ålmenta tilgang til sluseanlegget, noko som også er i tråd med intensjonane for «Den indre farleia».

Kommunedelplanen for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra peikar også på at dette er eit spesielt område som må utviklast med omtanke.

Styret i «Lindås Slusene» vonar på snarleg sakshandsaming av eit mellombels løyve.

Mvh

Vidar Langøy-Jørgenvik, leiar

John Helge Walderhaug, nestleiar

Ragnhild T Langøy, kasserar

Rune Brundtland, varamedlem.

Nils Træland, styremedlem.

Bjørn Dahl, styremedlem.